



Landbruks- og matdepartementet
Pb 8007 Dep
0030 Oslo

Sola 22. januar 2010

Forslag til verneheimel i jordlova.

Først vil me nytte høve til å takke Landbruks- og matdepartementet, statsråd, og underliggende forvaltingsorgan, for å prioritere arbeidet med trygging av jord som kan produsere mat, og for å ha sett i gang arbeidet med eit lovmessig vern av jordbruksjord.

Dette trengs.

Områdevern som prinsipp, skil seg frå arealplanlegging (Pbl.), mellom anna i tidsperspektiv, og vil utgjere eit supplement til dagens ”verktøykasse.”

Me meiner behovet for sterkare verkemiddel er godt dokumentert.

Målet om halvering av nedbygging av dyrkajord innan 2010, er stadfest i tre regjeringar. Trass i at kommunane har gode og tilgjengelige verkemiddel i mellom anna Plan- og bygningslova, og trass intensivt merksemd frå sentralt hald dei seinare åra, ser målet ikkje ut til å nås.

Til og med i dei deler av Rogaland som har prisløna regionplanverk for areal, opplevast jamleg utfordring av LNF-føremålet.

Ein annan peikepinn på tiltrua til LNF- formål i dagens kommunale og regionale planverk, kan vere at tomteutviklarar (framleis) tek på seg betydelig reguleringsrisiko / opsjonspremiar her.

Oppretting av ”jordvernområde”, vil kunne gi ei tydeleg og synleg presisering av langsiktige nasjonale interesser; Innbyggjarane sine langsiktige interesser. Me trur denne føreslåtte, moderate, implementering av nasjonale interesser på kommunenivå, utelukkande kan *styrka* tiltrua og legitimiteten til det lokale forvaltingsnivået.

Opp mot 15% av arealet i landet er gitt ei form for vern etter Naturvernlova.

At *mindre deler* av dei godt 3% av landarealet som er matproduserande jord, vert gitt ei tilsvarande beskyttelse, kan i perspektiv vanskeleg omtalast som kontroversielt.

Kommentarar til endringsforslaga.

Det er viktig at ein verneheimel i Jordlova får ein tilsvarande sektorovergripande verneeffekt som Naturvernlova. Likeeins at LNF-område, *grensande* til verneområde, får auka beskyttelse, tilsvarande verkemidla i Naturvernlova.

Vernekriterium



Jordvernforeningen i Rogaland Forening for Jordvern og alternativ regionutvikling

Departementets skissering av kriterium for vern er gode. Men me er freista til å snu prioriteringslista i høyringsutkast på hovudet, og utpeike departementets punkt 4 (områder med utbyggingspress) som mest sentrale tema.

For å få ei smidig og effektiv framdrift i det vidare arbeidet, og for å oppretthalde dagens beskyttelse av jord *utanfor* verneområda, trur me det er viktig med ei *detaljering* i føresetnader, eventuelt gjennom oppfølgjande vegledar/forskrift.

Det kan vurderast eit ”standardisert” sett av kriterium, for kva område som skal utgreiast for vern. Eventuelt vurderer ei form for ”vernebelte” i til dømes 1-2 km breidd, rundt tettstader inne i dyrkajordområde, tettstader som har vokse kraftig, eller har over eit visst tal innbyggjarar.

Det same kan tenkast for samanhengande LNF-område nært opptil bystrukturar, eller mykje nytta vegnett. Evt. Andre faste størrelsar.

Slik me ser det, må det sentrale vere å *hindre by- og tettstadsvekst inn i viktige jordbruksområde*. Der det ligg til rette for det, kan verneområde brukast for å tydeleggjere vekstretning, eller støtte vekstkorridorar inn mot mindre produktive areal

Det er viktig at og *dyrkebar jord* kan få vernestatus, der denne ligg naturleg saman med/inne i område med dyrka jord.

Område utpeika som Kjerneområde landbruk bør vere sjølvsegte for vurdering av vern, men det er viktig at *også område som ikkje er omtala som kjerneområde* kan vurderast for vern. *Grunneigarinitiativ* bør tillegkast vekt.

Andre samfunnsinteresser

Avveging mot andre samfunnsinteresser har kanskje vore jordvernets største fiende, og det er her det er viktig at lova er klar.

Jordvern har karakter av langsiktig bærekraftstenking, og andre interesser har kanskje lettare kunna dokumentere raskare (meir kortsiktig?) nytte/velstand for innbyggjarar.

Det er nettopp den ukjende framtidige verdien av jord som kan produsere mat og energi, som bør vere framtrudande ved avveging mot andre samfunnsinteresser.

Det er samstundes viktig at oppretting av verneområde ikkje legg utilbørleg utbyggingspress på tilgrensande jordbruksområde med (bare) andre former for vern(Pbl.).

Til dømes meiner me at det er det samla arealforbruket av dyrka jord, som er viktig å få ned, ved til dømes anlegging av infrastruktur (standard, trase, etc).

Det er viktig at ein ikkje vesentleg aukar arealforbruk av dyrka jord ved å lokalisere til dømes infrastruktur utanfor verna område. Det sentrale med oppretting av jordvernområde bør altså vere å lede infrastruktur, og anna. inn mot mindre produktive område, og redusere omfanget av inngrepa på dyrka jord.

Ei utvatning av omgrepet viktige samfunnsinteresser, vil kunne medføre at praksis fortset som nå, eller verre, og dette er etter vårt syn viktig å klart definere.

Dispensasjon



Jordvernforeningen i Rogaland

Forening for Jordvern og alternativ regionutvikling

Som nemnd over, meiner me at omdisponering til *ikkje* jordbruksrelaterte formål bør søkast redusert så sterkt gjennom lovendringa, at dette ikkje lenger vert ei aktuell tilnærming, på plannivå.

Det er viktig for forankring av verneomgrepet i landbruksnæringa, at SLF og LMD har understreka at "...inneber at jordbruksdrifta i jordvernområdet i hovudsak held fram som før." Landbrukets byggeverksemd av (ikkje frådelt) driftsbygg treng etter vårt syn *ikkje* *viast ein sentral plass* i det vidare arbeidet. Vidare er me i tvil om dei enklaste tiltaka, som til eksempel driftsvegar, bør definerast som søknadspliktige.

me meiner alminnelige søknader om landbruksbygg, etc. naturleg *kan delegerast* til kommunane. Det sentrale må vere å oppnå *større transparens* i kommunane si sakshandsaming (etter Jordlova).

I vårt område er husdyrproduksjon (med driftsbygningar) ofte tett knytt til drift av jorda. Nettopp grunna den hittil, til dels hovudlause, frådelinga og oppbygginga av *ikkje* landbruksrelaterte busetnad og aktivitet, kan plassering av nye driftsbygg, fleire stader vere utfordrande. Stimulering til riving av utfasa driftsbygg, kan og vere relevant. *Frådeling* til andre formål enn bruksrasjonalisering, bør nå kunne reduserast vesentleg. Det same gjeld *bruksendring* av driftsbygg der formål med bruksendringa står i motsetning til kringliggjande landbruksdrift.

Det verst tenkelege utkome av denne verneprosessen, ville vore det lokale ordførarar skremmer med; Ei liberal avveging mot andre samfunnsinteresser, og ei strikt handsaming av landbruksbygging. Me er trygge på departementets vurderingar her.

prosess

Det er viktig at det ikkje går for lang tid frå ei lovendring evt. vert vedteken, til utredning av verneområde tek til. Dette for å hindre "hamstring" av utbyggingsareal på særleg kommuneplannivå.

Det er viktig at område som vurderast for vern vert midlertidig bandlagt.

Det er viktig å understreke at jordvern ikkje har til hensikt å knesetje samfunnsutviklinga, men vere til hjelp for ei berekraftig utvikling, som også tek omsyn til framtidig ukjend verdi av matproduksjon.

Lukke till!

Jordvernforeningen i Rogaland, Andreas Joa